

Årsmelding 2014

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Truls Gjefsen heldt foredrag om Asbjørnsen og Moe. Johan Storm Munch hadde foredrag om presten Marcus Frederik Bang Wang. Asgeir Brekke hadde foredrag om nordljøs. Saman med kyrkja og Gudbrandsdalsmusea v/arkivet var det seminar om stortingsmann Ole P Haakenstad; Tore Pryser, Ivar Teigum og Tor Stallvik var foredragshaldarar, Even Lusæter song Håååstadvisa. Det vart arrangert fotokveld med innsamling av gamle foto og visning på storskjerm, Tilsvarande kveldar vart arrangert på Midtli saman med Nordheradsprosjektet og på Tessanden saman med grendalaget. Medrekna årsmøtet har det vore fire medlemsmøter der det bl.a. var ljøsbildekåseri om alle husa som historielaget eig, samanlikning av mellomalderloftet på nordgard Sandbu med Kirkjubø på Færøyene, framvisning av videoopptak av Jo Gjende-spelet og om innsamling av jakt- og fangsthistorier. Historielaget hadde 1. mars ope dag i buone ved Gjende med kaffeservering der vi fortalde om buone. I september var det historisk vandring i Holongsfjellet med tema måsåtaking.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vååå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar, fokus siste tida har vore behovet for magasin. Gudbrandsdalsmusea har siste året gjordt eit omfattande arbeid med gjenstandsregistrering.

Sceneanlegget er flytta opp i tunet. Det lafta scenehuset er lagt opp att, og troa er på tur til å bli lagt på. I samband med dette er det utført ei omfattande drenering inst i tunet, og parkeringsplassen er høgda med overskotsmassen. Gjensidigestiftelsen har ytt tilskot til dette prosjektet, og det er utført svært mykje dugnadsarbeid.

Prestgarden

Paktarbustaden har vore bortleigd som bustad medan låven, aurbua og del av fjøset er bortleigd som lager. Studeren var bortleigd ein del av året. Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget, fram til august var også Dagsenteret med på denne leiga. Husflidslaget har stor aktivitet der, og har også hatt opne arrangement. Låven har vore brukt til enkelte bildeutstillingar. Pipe, peis og bakaromn i eldhuset er restaurert, fylkeskommunen og Stiftelsen UNI har gjeve støtte til dette. Vedomn i hovudbygningen er restaurert.

Historielaget har kome med innspel til kommunen om å bruke næringslokala i Ullinsvin til kontor, arkiv og folkemusikkarkiv for Gudbrandsdalsmusea as, og har vore i møter om dette. Historielaget har fått utarbeidd planer for magasinbygg i Ullinsvin, og det blir arbeidd med

finansiering. Sveitsisk norgesvenn har gjeve eit stort bidrag til dette. Historielaget er med i ei prosjektgruppe nedsett av kommunen for å få etablert galleri i låven og fjøset i Ullinsvin.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget har rekonstruert urtehagen, tilskot frå fylkeskommunen har finansiert dette. Det er organisert ei gruppe som har ansvar for stell, luking, vatning mm., det er fordelt ansvar for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Opning av urtehagen vart markert med eit arrangement den 23. august. Da var det i tillegg andre aktivitetar og utstillingar i Ullinsvin, historielaget hadde utstilling av gamle båtar på låven. Hagegruppa har utarbeidd ei brosjyre om «Den Historiske Prestegardshagen» og ei om urtehagen, det har vore mykje besøk i hagen dette året.

Laget ellers

Frå årsmøtet 14. mars 2014 har styre vore dette:

styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim

styremedlemmar Reidun Sønstelien, Arne R. Strand og Olav Ragnar Øien (-19.5.2014)

varamedlemmar Bjula Ulsletten, Even Luseter, Jonny Brenden og Håkon Ulsand

Det har i året vore seks styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 410 medlemmar.

God oppslutning om frivillige medlemspenger gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org. På heimesida er det oppretta ei mappe med gards- og slektshistorie. Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta.

Nordheradsprosjektet disponerer Flåten.

Det er i året gjordt ein del mindre vedlikehald av studioet som er ei av buone ved Gjendeosen: platning ved døra og takrenne over døra, døltaket er fastskrudd, restaurering av glasgrind og rensking av taksuluskitt frå vegg og glas. Buene vil kunne lånast ut til historielagsmedlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2014.